

Eksamen

25. mai 2018

HSF1002

Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Vg1 Helse- og oppvekstfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTEING FOR SVARET PÅ OPPGÅVA</p> <ul style="list-style-type: none">- Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du tek, og grunngje dei.- Kompetansen i faget ditt, ut frå kompetansemåla i læreplanen, viser du ved å<ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslag til løysing på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheter• bruke eksempel der det er relevant• bruke ord og uttrykk frå faget, hjelpemiddel og vedlegg på ein føremålstenleg måte
Andre opplysningar	Oppgåvesettet består av totalt seks sider

Oppgåve 1

Funksjonsnivå

- a) Kva ligg i omgrepet nedsett funksjonsevne?
- b) Kva for grupper deler vi funksjonsnedsettingar inn i?
- c) Korleis kan samfunnet legge til rette for brukarar med nedsett funksjonsevne? Kom gjerne med døme.

Oppgåve 2

Omsorg

- a) Kva meiner vi med omgrepet omsorg?
- b) Forklar kvifor haldningane dine og veremåten din er viktig når du yter omsorg til brukarar med nedsett funksjonsevne. Grunnje svaret ditt.

Oppgåve 3

Empati

- a) Forklar kva som ligg i omgrepet empati.
- b) Korleis kan du vise empati i veremåten din i møte med brukarar med nedsett funksjonsevne? Kom gjerne med døme.

Oppgåve 4

Kommunikasjon

- a) Kva meiner vi med omgrepet kommunikasjon og forklar kommunikasjonsprosessen.
- b) På kva måte kan du medverke til god kommunikasjon mellom deg og ein brukar som har nedsett funksjonsevne?

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN</p> <ul style="list-style-type: none">- Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse- - Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å<ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig måte.
Andre opplysninger	Oppgavesettet består av totalt seks sider.

Oppgave 1

Funksjonsnivå

- a) Hva ligger i begrepet nedsatt funksjonsevne?
- b) Hvilke grupper deler vi funksjonsnedsettelse i?
- c) Gi egne eksempler på hvordan samfunnet kan legge til rette for brukere med nedsatt funksjonsevne.

Oppgave 2

Omsorg

- a) Hva menes med begrepet omsorg?
- b) Forklar hvorfor dine holdninger og din væremåte er viktig når du yter omsorg til brukere med nedsatt funksjonsevne. Du skal begrunne svaret ditt.

Oppgave 3

Empati

- a) Forklar hva som ligger i begrepet empati.
- b) Gi eksempler på hvordan du kan vise empati i din væremåte i møte med brukere med nedsatt funksjonsevne.

Oppgave 4

Kommunikasjon

- a) Hva menes med begrepet kommunikasjon og forklar kommunikasjonsprosessen.
- b) Hvordan kan du medvirke til god kommunikasjon mellom deg og en bruker som har nedsatt funksjonsevne?



www.vigoiks.no/eksamen